

# ***JERNROSA***

## ***Politisk Litteraturfestival***

### ***Odda***

***(Prosjektpresentasjon, målsettingar, organisasjonsmodell og framdriftsplan)***

#### **Idé:**

***JERNROSA Politisk Litteraturfestival*** vil etablera ein open og inviterande arena for å fremma den smale, profilerte og engasjerte litteraturen, og setta litterære uttrykk i dialog med andre kunstuttrykk for finna nye inngangar til å diskutera sentrale samfunnsspørsmål og prøva ut nye svar på samfunnsmessige utfordringar.

***JERNROSA Politisk Litteraturfestival*** vil vera ein *standpunktfestival* og ein arena for den litteraturen som tar stilling i samfunnsdebatten og som prøver ut kva litteratur *kan* vera i det kontinuerleg foranderlege grensesnittet mellom litteratur og samfunn.

## **Festivalsymbolet *JERNROSA*:**

Ideen om *JERNROSA Politisk Litteraturfestival* har sine røter i, og er ei vidareutvikling av den spontane solidaritetsaksjonen som oppstod under *Nordisk Smedfestival* i Odda 11.-13. august 2011, der det blei tatt eit initiativ til å smi jernrosor som eit handfast motsvar til terroren som rørte seg i Oslo og på Utøya berre få veker tidlegare.

Som eit konkret uttrykk for, og ei vidareføring av solidaritetstanken, tok den svenske smedforeininga, saman med *Arbetarnas Bildningsförbund*, eit initiativ til å smi verdas største jernrose. Denne blei sidan gitt som solidaritetsgåve til det norske folket ved Odda Smedforening. Denne jernrose-skulpturen vart offentleg avduka i august 2015, og står no utstilt mellom Oddasmio og Smeltehuset inne på tomte etter det nedlagte Odda Smelteverk.

Rosa har ei lang historie som symbol på solidaritet, kjærleik, engasjement og motstandskamp. I den indre tyske motstandskampen mot nazismen før og under den førre verdskrigen, fekk organisasjonen *Den kvite rose* ein særleg plass. Innan arbeidarrørsla har den raude rosa vore det samlande symbolet på solidaritet og motstand.

Som symbol sameinar *JERNROSA* venleiken til den levande blomen og styrken og seigheita til det handsmidde jernet med den solidariske kampen arbeidarrørsla, historisk, har kjempa for eit betre samfunn for alle, og den kompromisslause kampen til dei som, i dag, kjempar mot samfunnets nedbrytande og menneskefiendte krefter.

*JERNROSA* står som symbol på styrken i denne motstandskampen, på livsvilje, uthaldenheit og viljen til aldri å gi seg i kampen for det gode og rettferdige.

## **Bakgrunn:**

Litteratursymposiet i Odda blei etablert i 2005 og er alt vel innarbeidd som ein sentral litteraturfestival i den norske festivalfloraen. Litteratursymposiet er, primært, ein prosafestival som spring ut av Frode Grytten sitt forfattarskap og særleg romanen *Bikubesong*. I Odda er det plass for ein meir poetisk og diskuterande litteraturfestival på sida av den alt veletablerte prosafestivalen. Dette også for å nytta det urealiserte potensialet i Sentralbadet Litteraturhus og Smelteverksområdet som arena for nyskapande kulturytringar.

Våren 2015 tok idegjevar, forfattar Lars Ove Seljestad, kontakt med Norsk Kulturråd ved seksjonsleiar Arne Vestbø for, uformelt, å drøfta ideen om ***JERNROSA Politisk Litteraturfestival***. I det påfølgjande møtet gav Vestbø uttrykk for at han delte fleire av Seljestad sine tankar om behovet for ein ny ikkje-kommersiell og meiningsberande litteraturfestival for norsk og internasjonal *standpunktlitteratur*.

Vinteren 2015/2016 la Seljestad fram tankane sine om ***JERNROSA Politisk Litteraturfestival*** for Jon Olav Stadheim, styreleiar i Sentralbadet Litteraturhus, samt styremedlemmane Terje Kollbotn, Sissel Kristensen (også leiar av Norsk Forfattersentrum Vestlandet) og Ingvild Ystanes (også festivalleiar av Litteratursymposiet i Odda) og fekk tilbakemelding om at eit slikt festivalinitiativ i april ville passa bra i høve arrangementsplanane til både Sentralbadet Litteraturhus og Litteratursymposiet i Odda.

Vinteren 2015/2016 presenterte Seljestad ideen om ***JERNROSA Politisk Litteraturfestival*** for Knut Olav Åmås, direktør i Fritt Ord. Åmås gav uttrykk for at ein meiningsberande, ikkje-kommersiell og samfunnsengasjert festival for *standpunktlitteratur* framstod som eit viktig og interessant initiativ. På bakgrunn av dette oppfordra han Seljestad til å utarbeida og senda ein søknad om prosjektstøtte til det planlagte pilotprosjektet våren 2016.

29.-30. april 2016 blei den aller første ***JERNROSA Politisk Litteraturfestival*** arrangert i Odda. Opningstalar var Fritt Ords direktør Knut Olav Åmås. Festivalleiar og kunstnarleg leiar

var forfatter Lars Ove Seljestad. I løpet av festivalen blei det arrangert 7 reint litterære arrangement, eitt konsertarrangement og to litterært-musikalske arrangement. 8 forfattarar medverka under festivalen og 7 musistarar. Det totale publikumstalet på pilotfestivalen var 310. Både publikum og deltakande kunstnarar var samde om at dette var eit sær sars engasjerande og meiningsfullt tiltak som burde vidareførast, også innanfor dei særskilte rammene som det nedlagte Odda Smelteverk gav dei litterære møta og diskusjonane.

Pilotfestivalen blei gjennomført med ei løyving på 100.000 kr frå Fritt Ord og 50.000 kr frå Norsk Kulturråd. Det blei selt billetter for 19.600 kr. Inntekta på totalt 169.600 kr og 100 dugnadstimar frå frivillige til praktisk gjennomføring av pilotfestivalen og 300 ubetalte arbeidstimar til utviklingsarbeid, planlegging, programarbeid, festivalleiing og etterarbeid frå festivalleiar Lars Ove Seljestad gjorde den første pilotfestivalen mulig. Og til ein suksess.

### **Målsettingar:**

***JERNROSA Politisk Litteraturfestival*** vil medverka til å fremma litterært og kulturelt mangfald, yringsfridom og demokrati gjennom å løfta fram viktige forfattarskap som ikkje i ein får samfunnets og den kommersielle litteraturmarknadens lys på seg, men som likevel er sentrale for den litterære breidda, yringsklimaet og det kulturelle mangfaldet i det norske samfunnet.

***JERNROSA Politisk Litteraturfestival*** vil ta eit særleg ansvar for å medverka til å synleggjera og løfta fram den litteraturen som spring ut av industrisamfunnet og arbeidsfolks livserfaringar og organisasjonsformer, samt den munnlege fortellarkulturen som kjenneteiknar industrisamfunnet i arbeid og fritid.

***JERNROSA Politisk Litteraturfestival*** vil i samarbeid med *LITTERATURSYMPOSIET i Odda* og *Sentralbadet Litteraturhus* medverka til å vidareutvikla Litteraturbyen Odda med særleg vekt på å aktivera Smelteverks-området og Sentralbadet litteraturhus som nyskapande og utfordrande arenaer for litterær og kulturell formidling

***JERNROSA Politisk Litteraturfestival*** vil medverka til å fremma eit sterkt profesjonelt kulturliv med nyskapande og frie kunstuttrykk, særleg på litteraturfeltet og i tverrkunstnarlege kunstprosjekt der litteratur spelar ei avgjerande rolle.

***JERNROSA Politisk Litteraturfestival*** vil medverka til å integrera profesjonelle kunstnarar med det frivillige kulturlivet og såleis bidra til å styrka det frivillige kulturlivet gjennom kompetanseoverføring frå profesjonelle til amatørar.

***JERNROSA Politisk Litteraturfestival*** har som mål å bli den nasjonalt leiande litteraturfestivalen for meiningsberande standpunktlitteratur, arbeidarlitteratur og industristadlitteratur, samt for tverrkunstnarlege formidlingar av litteratur.

### **Målfokus:**

Skapa ein arena for å synleggjera, fremma og levandegjera ikkje-kommersiell kunst- og meiningslitteratur av høg kvalitet. Bidra til å styrka mangfaldet og breidda i norsk litteraturformidling, løfta fram forfattarskap som får liten plass i norsk litterær offentlegheit, utan å gå på akkord med kravet til høg kunstnarleg kvalitet.

Revoltera mot ein stadig meir bestseljarorientert, føreseieleg og kommersialisert litteraturmarknad og etablera og utvikla ein nyskapande arena for politisk litteratur (ikkje tydd som partipolitisk, men i tydinga; litteratur som deltar i *Polis* – og som tar stilling i sentrale samfunnsdebattar). Arbeida for å fremma den progressive, nyskapande og engasjerte litteraturen og bli eit Fyrtårn i det norske litterære landskapet.

***JERNROSA Politisk Litteraturfestival*** vil finna fram til dei viljesterke og grenselause forfatarane og poesifilosofane, dei som skriv litteraturen sin *gorrlaust*. Dei som, med

trollsplint i auga, gjer samtidslitteraturen til ein tankevekkande og provokant spegel for vår tid og som ikkje vandrar komfortsøkande og popularitetsstyrte langs bestselgeriets opplyste autostradaer, men som søker mørket, bakvegane, sidevegane, dei einsame stiane der kvart grastrå skjer som ein særskild kniv, dei som, uredde, går inn i dei uopplyste mellomromma, dei stadene i menneskelivet og samfunnet som treng litteratur som vågar, som brenn, som svir. Dei som skriv fram ein litteratur som vil forandring og samfunnsinnflytelse.

## **Innhaldsmål:**

*JERNROSA Politisk Litteraturfestival* vil medverka til å skapa eit nytt litterært rom for viktige, engasjerte og alternative stemmer. Ikkje avhengig av når denne forfattaren gav ut si siste bok, men fundert i korleis festivalens programråd vurderer denne forfattarens (og dette forfatterskapets) relevans for dei tema som brenn i den aktuelle samfunnsdebatten. Eit rom som ikkje er der i dag, og som blir stadig viktigare å få etablert i norsk offentlegheit. Dette initiativet er eit forsøk på å leggja eit solid grunnlag for ei nyskapande, kvalitetsfokuser og utviklingsorientert kunstnarleg undersøkende og utforskande verksemd i ytringsfridomens og demokratiutviklingas teneste.

## **Metode:**

1. Dei medverkande forfattarane sine litterære bidrag med vekt på høg kunstnarleg kvalitet, utsegnskraft, breidde, mangfald og antikommersialisme.
2. *JPL* vil ikkje søka forlagsstøtte, for slik å kunna frigjera seg frå forlaga sine aktuelle utgjevingslister og deira interesser i å promotera bestemte forfattarar og forfatterskap. Dette blir gjort for å skapa ein litteraturfestival som står fritt i si programmering, og som ikkje blir bunden opp til forlagas, til ei kvar tid, aktuelle utgjevingar, men til utsegnskrafta og den litterære kvaliteten til den enkelte forfattar og forfatterskap.
3. *JPL* vil løfta fram tidlegare/(gløymde) meiningsberande litterære klassikarstemmer og forsøka å revitalisera dei, nytolka dei og gå i inspirert dialog med dei. Både for å læra av klassikarane og for å vidareutvikla deira litterære og retoriske verktøy innanfor konteksten av ei ny tid og ein ny samfunnsformasjon.
4. *JPL* vil ta initiativ til eit årleg bestillingsverk der vekslende forfattarar blir inviterte til å skriva ein ny meiningsberande tekst og stimulera til at den nyskrivne teksten blir

vidareutvikla i dialog med ein eller fleire representantar for andre kunstnarlege uttrykk i eit utforskande forsøk på å utvikla nyskapande og alternative måtar å formidla meiningsberande *standpunktlitteratur* av høg kunstnarleg kvalitet.

5. **JPL** vil, der det er muleg, søkja å sameina ambisjonane i metode 4. og 5. slik at dialogen, møtet, konfrontasjonen, utforskinga av tidlegare *standpunktklassikarar* gir grobotn for nye og nyskapande bestillingverk av høg kunstnarleg kvalitet.

### **Målgruppe:**

1. Den opplyste, litteraturinteresserte og engasjerte delen av det norske folket.
2. Dei som søker, forstår og blir berika av litteraturopplevingar av høg kunstnarleg kvalitet.
3. Dei forfattarane som vil bruka det literære handlingsrommet til å utvikla og utforska nye former for meiningsberande standpunktlitteratur, og som ønsker å prøva ut nye tverrkunstnarlege formidlingsformer i demokratiets og ytringsfridomens teneste.

### **Samarbeidspartnarar:**

**Lokalt:** Sentralbadet Litteraturhus, LO i Indre Hardanger, Odda kommune, Odda Bibliotek, Odda Smedforening, NVIM.

**Praktisk arrangør:** Sentralbadet Litteraturhus

**Teknisk arrangør:** Blueslaget lokst utøve/Odda Rockeklubb.

**Regionalt:** SILK, Ulvik poesifestival, Audiatur festival for ny poesi, Bergen, Hardangerrådet v/ Hardanger Kulturråd, HardingPuls, Hordaland Fylkeskommune v/ Kulturavdelinga, Visjon Vest.

**Nasjonalt:** House of Foundation/Møllebyen Litteraturfestival, Moss, Hamar poesifestival, LO's Kulturutval (sentralt), Norsk Kulturråd, Fritt Ord, Norsk Forfattersentrum, Den norske forfatterforening

**Internasjonalt:** Biskops Arnø, Sverige, København poesifestival, Litteraturwerkstatt Berlin, Poesiefest Berlin, LetreEtage, Berlin, Poetry on the road, internasjonal poesifestival, Bremen, Litteraturkontor, Bremen.

## **Organisasjon:**

1-årig ulønna forprosjekt (2016)

1-årig gjennomføringsprosjekt med innleigd Festivalleiar/Kunstnarleg leiar tilsvarande 2 månadsverk (2017).

3-årig fyrårnprosjekt med innleigd Festivalleiar/Kunstnarleg leiar tilsvarande 3 månadsverk (2018-2020).

I løpet av 2017 blir det etablert eit Programråd for festivalen med 3 medlemmer.

Festivalleiar/Kunstnarleg leiar er leiar av Programrådet.

I prosjektfasen er Programrådet prosjektorganisasjonens styre.

Ved prosjektets avslutning blir styre og organisasjonsform evaluert med sikte på etablering av permanent organisasjonsform, inkl. festivalleing og styreform.

## **Festivalleing:**

**Festivalleiar/Kunstnarleg leiar** : Lars Ove Seljestad

Festivalleiar/Kunstnarleg leiar blir i prosjektperioden ikkje tilsett, men leigd inn gjennom sitt enkeltpersonføretak.



**Tilsettingsforhold:**

*JERNROSA Politisk Litteraturfestival* har i prosjektperioden ingen fast tilsette. Festivalen kjøper inn nødvendige tenester tilpassa etter vekslende behov og festivalens, til ei kvar tid, tilgjengelege økonomiske ressursar.

*JERNROSA Politisk Litteraturfestival* har ikkje arbeidsgjevaransvar overfor dei medverkande. Festivalen er einast forplikta på kontraktfesta oppdrag frå kunstnarleg medverkande, festivalleieing, administrative og organisatoriske tenester, samt tekniske tenester.

**Honorering:**

Alle medverkande kunstnarar og fagpersonar vil bli honorert i samsvar med *Norsk Forfattersentrum* sine minstesatsar, eller om dei representerer andre kunststartar, i samsvar med gjeldande minstesatsar og vederlagsordningar på dei respektive kunstfelta.

**Tema:**

*JERNROSA Politisk Litteraturfestival* har ingen fastlagte tema ut over dei som kjem fram i visjons-og målsettingsdokumentet for festivalen.

**Arrangementstidspunkt:**

3 dagars litteraturfestival den siste helga i april: fredag-sundag, ca 6 månader før Litteratursymposiet i oktober.

**Arrangementstidspunkt årets festival:**

28.4.-30.4.2017.

**Utarbeiding av eit heilskapleg designuttrykk i form av logo/festivalplakat/program/annonser:**

Mocca Design v/ Monica Hansen.

**Webdesign:**

SOLEIS design

**Webadresse:**

[www.jernrosa.no](http://www.jernrosa.no)

**Arrangementsstadar:**

*JERNROSA Politisk Litteraturfestival* har som mål å medverka til å konsolidera og vidareutvikla Sentralbadet Litteraturhus som litterær formidlingsarena, samt å bidra til å utvikla alternative og nyskapande arrangementsstader i dei nedlagte industrilokala ved Odda Smelteverk, først og fremst Oddasmio, Smeltehuset, Cyanamiden, Katakombane og Skalltaket.

For konsertar/tverrkunstnarlege førestellingar som inneheld musikk vil Odda Kino, Iris Scene og Hardanger Hotell vera aktuelle arrangementsstader.

**Framdriftsplan:**

**Vår 2017:** Kontakt med aktuelle samarbeidspartnarar. Undersøka og utarbeida finansieringsgrunnlag for ein slik festival. Forankra festivalideen lokalt og regionalt og starta arbeidet mot nasjonale, regionale og lokale samarbeidspartnarar.

Fastsetta endeleg program for festivalen i april 2017. Invitera aktuelle forfattarar. Laga endeleg gjennomføringsplan for arrangementet. Spikra avtaler med arrangementsstader, praktiske og tekniske medarrangørar. Rekruttera frivillige til praktisk gjennomføring av festivalen.

Utarbeida program, budsjett og presentasjonsmateriale for festivalen.

Utarbeida festivallogo/plakat/program/annonser.

Søka midlar hos aktuelle samarbeidspartnarar.

**Haust 2017 :** Evaluera gjennomføringa av *JERNROSA 2017*. Hausta erfaringar og forbetra festivalopplegget før neste år. Konsolidera festivalen og søka Norsk Kulturråd/Fritt Ord/Hordaland Fylkeskommune/LO's Kulturutval/ Sparebanken Vest/ Kavlifondet/Odda kommune ved Kulturfondet om økonomisk støtte til eit 3-årig fyrtårnprosjekt.

**2018-2020:** Vidareutvikla festivalkonseptet med sikte på etablering som fast festivalarena frå 2021. Gjennomføra og vidareutvikla den praktiske og programmatisk gjennomføringa av *JERNROSA Politisk Litteraturfestival* i åra 2018-2020.

**2021 - :** *JERNROSA Politisk Litteraturfestival* er etablert som ein fast litteraturfestival med eigen organisasjon, eigen økonomi og ein tydeleg programprofil i den norske litteraturfestivalverda.

*JERNROSA Politisk Litteraturfestival* har oppnådd anerkjenning som ein viktig og sentral litteraturfestival med ein særeigen, eigenrådig og nødvendig profil, og har fått sin sjølvsgatte plass i den nasjonale og internasjonale litteraturfestivalfloraen.